

**Fra:** Svein Arne Vågane  
**Sendt:** torsdag 4. mai 2023 08:39  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** VS: Ønske om møte

Hei. Kan de vere grei å registrere denne i sak 22/8977 og 20/1363. E-posten gjeld begge saker.

Mvh Svein Arne

---

**Fra:** [jnordo@broadpark.no](mailto:jnordo@broadpark.no) [jnordo@broadpark.no](mailto:jnordo@broadpark.no) <[jnordo@broadpark.no](mailto:jnordo@broadpark.no)>  
**Sendt:** tirsdag 25. april 2023 14:11  
**Til:** Bjørnar Fjellhaug <[bjornar.fjellhaug@austrheim.kommune.no](mailto:bjornar.fjellhaug@austrheim.kommune.no)>; Asbjørn Nagell Toft <[asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no](mailto:asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no)>; Christopher Marius Straumøy <[christopher.marius.straumoy@austrheim.kommune.no](mailto:christopher.marius.straumoy@austrheim.kommune.no)>; Laila Bjørge <[laila.bjorge@alver.kommune.no](mailto:laila.bjorge@alver.kommune.no)>; Svein Arne Vågane <[svein.arne.vagane@alver.kommune.no](mailto:svein.arne.vagane@alver.kommune.no)>  
**Kopi:** Jan Nordø <[jnordo@broadpark.no](mailto:jnordo@broadpark.no)>; Ketil Hindenes <[ketil\\_hindenes@hotmail.com](mailto:ketil_hindenes@hotmail.com)>; Marita Bru <[marita.bru2209@gmail.com](mailto:marita.bru2209@gmail.com)>; Olav Torheim <[olaveth@gmail.com](mailto:olaveth@gmail.com)>; Ola Moen <[fjord@fjordimages.com](mailto:fjord@fjordimages.com)>; Stine Eikefet <[seeikefet@gmail.com](mailto:seeikefet@gmail.com)>; toresve2 <[toresve2@online.no](mailto:toresve2@online.no)>; toresve2 <[toresve2@online.no](mailto:toresve2@online.no)>; Ådne Utkilen <[aadne.utkilen@gmail.com](mailto:aadne.utkilen@gmail.com)>; renee\_sem <[renee\\_sem@yahoo.no](mailto:renee_sem@yahoo.no)>; Ingeborg Lohne Hordvik <[ihordvik@hotmail.com](mailto:ihordvik@hotmail.com)>; Ole Moen <[ole@olemoen.no](mailto:ole@olemoen.no)>; Haldis Dyrnes <[haldyr1@hotmail.com](mailto:haldyr1@hotmail.com)>; Stefan Helgason <[stefanorri@hotmail.com](mailto:stefanorri@hotmail.com)>; Reidar Øksnes <[56roek@gmail.com](mailto:56roek@gmail.com)>; Torunn Øksnes <[oeksnestorunn@gmail.com](mailto:oeksnestorunn@gmail.com)>; Odd Øksnes <[odd-oeks@online.no](mailto:odd-oeks@online.no)>; Gunn Berit Wiik Berg <[gunn.berit@strilen.no](mailto:gunn.berit@strilen.no)>  
**Emne:** Ønske om møte

Hei!

Naturvernforbundet Nordhordland er overraska og forundra over nettoppslag i Strilen i dag 25. april der kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug i Austrheim og entrepenør Odd Haugen blir intervjuet og tilsynelatande har tatt fram fredspipa. Saka gjeld ulovlege tiltak i Heiane og Dyrneskrysset. Vi ønsker oppklaring i dei opplysningane om kjem fram i oppslaget og har sjølv viktig informasjon å bidra med.

Vi bed difor snarast om møte med kommunedirektøren, plan- og miljøavdelinga og landbrukskontoret for oppklaring, innspel og dialog.

Det er liten tvil om at Haugen har gjennomført ulovlege tiltak i Heiane med til dels alvorlege konsekvensar for landskap, naturmangfald og tryggleik:

1. I alle fall i 2022 og 2023, og mest sannsynleg også åra før, har det vore kontinuerleg masseutkøyring frå Heiane i strid med

løyve frå Austrheim kommune. Massane har vore nytta til prosjekt andre stadar og slik vore til stor økonomisk vinst for

Haugen. Frå våren 2022 varsla Naturvernforbundet kommunen heile seks gongar om utkøyringa. Først hausten 2022 reagerte

kommunen med munnleg pålegg om stopp, utan at det hjalp. I februar 2023 ble pålegget gjort skriftleg. Masseutkøyringa har

ført til store ulovlege naturinngrep og er av Naturvernforbundet meld til politiet.

2. Landbruksvegen er på stader bygd i høg vegklasse med store loddrette skjeringar på opp til sju meter. Kommunen har berre

gjeve løyve til traktorveg i klasse 7, dvs. med minimale inngrep. Skjeringane representerer eit betydeleg landkapsinngrep i

eit LNF-område, splittar eit samahengande beiteområde og fører til stor tryggleiksrisiko for turgåarar, born som leikar i det

utvida bustadområdet i Heiane og dyr. Dei høge skjeringane dokumenterer dessutan eit stort ulovleg masseuttak. Tiltaket er

meld til kommunen med krav m.a. om tilbakeføring og sanksjonar. Vi har førebels ikkje fått svar.

3. Det er ikkje gjeve løyve til vidareføring av landbruksvegen nordover mot Øksnesmarka. Dette tek Haugen ikkje omsyn til. På

synfaring i mars oppdaga Naturvernforbundet at vegen var lagt vidare nordover med kryssing av våtmarksområde og

tilrettelegging for vidare utskyting. Det ulovlege tiltaket kan ha ført til betydeleg skade på naturmangfald, noko vi ønskjer å

utdjupe i møtet med kommunen. Naturvernforbundet har i brev til kommunen i mars kravd full stans, tilbakeføring og

sanksjonar, men har enno ikkje fått svar.

4. Kommunen har gitt Odd Haugen løyve til bakkeplanering i Heiane med masse frå Leirvågkrysset. Slik søknaden er utforma,

består massen m.a. av leveringspliktig prosessert borekaks henta frå SoilCare og TCM, sannsynlegvis blanda med jord.

Prosessert borekaks er forureina masse som skal leverast til godkjend mottak og ikkje nyttast til landbruksføremål.

Leirvågkrysset er ikkje godkjend mottak og skal difor etter regelverket registrerast som forureina grunn. Deponeringa er slik vi

ser det, alvorleg miljøkriminalitet. Naturvernforbundet tek no saka opp med Miljødirektoratet. Vi har dessutan bede kommunen om straks å trekkja attende løyvet til bakkeplanering før skade skjer, m.a. med avrenning av forueina masse til elva som renn ut i Austrheimvågen.

5. Frist for fjerning av ureina massar i Dyrneskrysset er sett til 15. april med varsel om dagbøter etter fristen. På synfaring i dag 25. april i kan Naturvernforbundet konstatera at massane ikkje er fjerna.

Med utgangspunkt i punkta over og oppslaget i Strilen med kommunedirektøren og Haugen ønskjer Naturvernforbundet m.a. svar på følgjande:

1. Strilen: "Haugen viser til at han har løyve frå Landbrukskontoret til å laga vegen slik han gjer."

Vi ønskjer dokumentasjon på dette.

2. Strilen: "Avtalane med Haugen blei gjort tilbake i tid og det har blitt gitt ein del munnlege meldingar som ikkje burde vore gjort."

Kva avtalar blei gjort? Kva munnlege meldingar er gitt som ikkje burde vore gjort? Kven har gjort avtalane og gitt meldingane?

3. Strilen: "Handhevinga av avtalane har vore upresise på begge sider. Det er det me no vil rydda opp i."

Korleis har handhevinga vore upresis? Korleis vil kommunen rydda opp?

Mvh Jan Nordø

leiar

Naturvernforbundet Nordhordland